

Tilknyttede organisasjoner;



Ålesund kommune

Molde, 23. aug. 2024

*Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb og 4 H Møre og Romsdal.*

## Uttale til høring av forskrift om open brenning og brenning i småomnar, Ålesund kommune

Vi viser til høring av ny forskrift om open brenning og brenning i småomnar, Ålesund kommune med høringsfrist 1. sept. 2024.

**FNF Møre og Romsdal ber om at det blir teke inn i brenneforskrifta at tradisjonell lyngbrenning i tråd med naturmangfoldlova for å ta vare på kystlyngheia, blir teke omsyn til.**

FNF Møre og Romsdal og tilknyttede organisasjoner driv mellom anna med skjøtsel knytt til utvalde naturtyper. Ein av desse naturtypene er kystlyngheia der brenning er ein vesentleg komponent i skjøtselen.

Kva er ei kystlyngheia? Vi les på Miljødirektoratet sine sider mellom anna;

*« Kystlyngheia er en kulturbetinget naturtype som har eksistert langs store deler av norgeskysten i flere tusen år. Kystlyngheia defineres som en seminaturlig, åpen og heipreget naturtype i et oseanisk klima, dominert av dvergbusker med røsslyng som en viktig art, formet gjennom rydding av kratt og skog, og betinget av langvarig hevd med beite, lyngsviing/brenning, lyngslått eller en kombinasjon av disse. Kystlyngheia er en sterkt trua naturtype. De viktigste trusselfaktorene for kystlyngheia er gjengroing på grunn av opphørt hevd, tilplanting og spredning av skog, nedbygging, oppdyrking og gjødsling. Kystlyngheia er avhengig av menneskelig påvirkning gjennom rydding av busker og kratt, lyngsviing, beiting og historisk sett lyngslått. Slik positiv menneskelig påvirkning omtales også som skjøtsel og å opprettholde god*



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner

moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27  
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal

*hevd. I dag holdes lyngheiene i hevd gjennom tilpasset skjøtsel i regi av bønder og grunneiere, og der flere mottar tilskudd fra jordbruks- og miljøforvaltninga. I tillegg skjøttes kystlynghei i flere verneområder ved hjelp av innsats fra Statens naturoppsyn, grunneiere/drivere og andre.»*

Om ein ønskjer å lese meir om handlingsplana som er utarbeidd for å ta vare på kystlyngheia finn ein dette på nettsida

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/arter-naturtyper/truede-arter-og-naturtyper/handlingsplaner-for-utvalgte-naturtyper/handlingsplan-for-kystlynghei/introduksjon-til-handlingsplanen/>

Det er fleire kystlyngheilokalitetar i Ålesund kommune der flest lokalitetar ligg i gamle Sandøy kommune. Men ein av lokalitetane med kystlynghei som ligg nær Ålesundet er Kverveaksla (sjå <https://faktaark.naturbase.no/?id=UN-NINFP1910006780>).



Kart – utdrag kart utvald naturtype kystlynghei lok Kverveaksla (frå Gislink)

Vi meiner å ha lest at nettopp her på Kverve har det vore utført skjøtsel med lyngbrenning dei seinare år? Elles veit vi at Sunnmøre Friluftsråd har på gang brenning av kystlyngheia på Hundsværet/Tyskholmen, noko som er satt opp i forvaltningsplana for dette statleg sikra friluftsområdet.

Så vårt forslag er at ein tek inn over seg at kystlyngheia også må skjøttast ved brenning i åra som kjem. Vårt forslag er å leggje til eit punkt d med ordlyd «d) Brenning av lyng knytt til skjøtsel av den utvalde naturtypen kystlynghei.» under § 5 i forskrifta slik at den då vil bli følgjande;

## § 5. Unntak frå forbodet

Følgjande brenning skal likevel vere tillate:

- a) Open brenning med kol og ved på grillanretningar, utepeisar og kaffibål.
- b) Brenning av papir til opptenning og reint trevirke i vedovn og peis.
- c) Sankthans- og jonsokbål av reint trevirke.
- d) Brenning av lyng knytt til skjøtsel av den utvalde naturtypen kystlynghei.**

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren, Interessentar som skjøtter kystlynghei i Møre og Romsdal